

Innkalling

Utval	Sula kontrollutval
Møtestad	Rådhuset Sula, møterom 1. etasje
Dato	17.11.2021
Tidspunkt	kl 14:00

Den som har lovleg forfall eller vil ha vurdert habilitet til ei eller fleire av sakene, må melde frå snarast mogleg til sekretariatet på e-post: post@sksi.no eller på telefon 92611735

Varamedlem møter etter nærare innkalling.

Digitale dokument til møtet finnes på www.kontrollutval.no/sula

Sakliste

PS 21/21	Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte
OS 01/21	Internkontroll i Sula kommune
MS 01/21	Henvending om massedeponi Veibust grendahus
MS 02/21	Stadfesting av revisor sitt sjølvstende 2021- Sula kommune
PS 22/21	Sula kommune sitt samarbeid med Sunde-Leirvåg borettslag
PS 23/21	Revisjon- og kommunikasjonsplan 2021
PS 24/21	Forenkla etterlevelseskontroll 2021
PS 25/21	Møteplan 2022

Ålesund, 09.11.2021

Olav Bjarne Skodje
Leiar kontrollutval

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar SKS IKS

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 21/21	Sula kontrollutval	17.11.2021

Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner møtebok frå forrige møte slik den ligg føre.

KONTROLLUTVALET I SULA KOMMUNE



MØTEBOK

Møtedato: 8. september 2021, kl.14.00
Møtestad: Rådhuset, møterom, 4. etasje

Møtet vart leia av Olav Bjarne Skodje.

Elles til stades:
Gunvor Reistad Aannø, Inger Øien, Aslak Digernes og Svein Værnes.

= **5 voterande**

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Bjørn Tømmerdal.

Frå kommunerevisjonen møtte oppdragsansvarleg revisor Kathrin Haram.
Forvaltningsrevisor Marianne Hopmark møtte via Teams på sak 18/21.

Frå Sula kommune møtte seniorrådgivar Jens Petter Larsen. Under saken 17/21 Meldingar,
møtte leiar støtte/stab Gunnar Trones.

Det var ingen merknader til innkallinga. Sakslista blei godkjent.

Kontrollutvalet valde å handsame sak 18/21 Forvaltningsrevisjon, først i møte.

Sula kontrollutval



Saksgang: kontrollutvalet
Saks nr.: 16/21

Møtedato: 8. september 2021
Sakshandsamar: Bjørn Tømmerdal

GODKJENNING AV MØTEBOKA FRÅ MØTE 20. MAI 2021

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 25. august 2021

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet godkjenne møteboka frå møte 20. mai 2021.

Sula kontrollutval



Saksgang: kontrollutvalet
Saks nr.: 17/21

Møtedato: 8. september 2021
Sakshandsamar: Bjørn Tømmerdal

MELDINGAR

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 25. august 2021

Melding nr. 1 Førespurnad frå Sunde – Leirvåg Borettslag

Melding nr. 2 Sula kommunestyre si handsaming av sak 029/21: Sunde-Leirvåg borettslag.
Ønske om å bli fristilt frå kommunal tildelingsrett - Ny behandling

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Sula kontrollutval valde å ta meldingane til vitande. Til melding nr. 2 om Sunde – Leirvåg borettslag ønsker kontrollutvalet at dette sjåast i sammenheng med kommunedirektøren sin internkontroll.

Sula kontrollutval



Saksgang: kontrollutvalet
Saks nr.: 18/21

Møtedato: 8. september 2021
Sakshandsamar: Bjørn Tømmerdal

FORVALTNINGSREVISJON «INNKJØP OG OFFENTLEGE ANSKAFFINGAR»

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 25. august 2021

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet legg saken frem for Sula kommunestyre med følgande innstilling til vedtak:

1. Kommunestyret tek forvaltningsrevisjonen om innkjøp og offentlege anskaffingar til vitande.
2. Kommunestyret tilrår kommunedirektøren å innarbeide dei merknadene som kjem fram i rapporten kapittel 6 for å gjere denne type arbeid betre i Sula kommune.
3. Kommunestyret ber kommunedirektøren spesielt sjå nærare på sikring av opplæring for dei tilsette som gjer offentlege innkjøp og anskaffingar.

Sula kontrollutval



Saksgang: kontrollutvalet
Saks nr.: 19/21

Møtedato: 8. september 2021
Sakshandsamar: Bjørn Tømmerdal

FORENKLA ETTERLEVELSESKONTROLL SULA KOMMUNE 2020 – ETTERLEVELSE AV REGLAR FOR BEREKNING AV EGENANDELER FOR KORTIDSOPPHOLD

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 25. august 2021

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

1. Sula kontrollutval merkar seg revisor sine konklusjonar og bed revisor ha framleis fokus på sårbarheit ved sjukdom/fråvær sidan det berre er ein person med kompetanse på området.
2. Sula kontrollutval tek elles revisor sin uttale til orientering.

Sula kontrollutval



Saksgang: kontrollutvalet
Saks nr.: 20/21

Møtedato: 8. september 2021
Sakshandsamar: Bjørn Tømmerdal

BUDSJETT SULA KONTROLLUTVAL 2022

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 25. august 2021

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Sula kontrollutval tilrår ei budsjetttramme for kontrollarbeidet 2022 på kr 880.000,- slik:

1. Kurs og reiseaktivitet knytt til opplæring og erfaringsutveksling kr 40.000,-.
2. Kjøp av revisjonstenester frå Møre og Romsdal Revisjon SA kr 840.000,-.
Fordelt på kr 540.000,- til rekneskapsrevisjon/andre tenester og kr 300.000,- til forvaltningsrevisjon/eigarskapskontroll.

Eventuelt:

Sula kontrollutval ønskjer ei orientering frå kommunedirektøren om internkontroll på sitt neste møte.

Møte var slutt kl. 15.50

Olav Bjarne Skodje

Leiar

(sign.)

Gunvor Reistad Aannø

Nestleiar

(sign.)

Inger Øien

Medlem

(sign.)

Svein Værnes

Medlem

(sign.)

Aslak Digernes

Medlem

(sign.)

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
OS 01/21	Sula kontrollutval	17.11.2021

Internkontroll i Sula kommune

Tilrådning til vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.

Bakgrunn:

Frå møteboka til Sula kontrollutval 8. september 2021:

Eventuelt:

Sula kontrollutval ønskjer ei orientering frå kommunedirektøren om internkontroll på sitt neste møte.

Sula kontrollutval hadde fokus på området kommunal interkontroll på sitt møte 27. januar 2021 i sak 05/21. Der gjorde ein vedtak om å bede kommunedirektøren om ein gjennomgang ved eit seinare høve.

Kommunedirektøren har svart at han er oppteken med kommunestyremøte denne dagen men bekrefta at nokon av dei andre i leiargruppa (ass. komm.dir., økonomisjef) vil stille for å gi orientering.

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
MS 01/21	Sula kontrollutval	17.11.2021

Henvending om massedeponi Veibust grendahus

Tilrådning til vedtak:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Kontrollutvalsekretariatet mottok på vegne av Sula kontrollutval ei henvending 29.10.2021 frå Veibustbygda Velforening ved leiar Reidun Kvasnes.

Denne vert lagt fram for utvalet i møtet 17.11.2021 til vurdering og utvalet må ta stilling til om dette er noko dei vil gå nærare inn på no.

Vedlegg

Henvending om massedeponi ved Veibust grendahus

Massedeponi ved Veibust grendahus

Vidaresendt e-post - Henvending om massedeponi ved Veibust grendahus

Svar på henvending om massedeponi ved Veibust grendahus

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Reidun <reidun_k@yahoo.no>

Sendt: 29. oktober 2021 19.42

Til: Skodje Olav <Olav.Skodje@sundolitt.com>

Kopi: Eln Stamnaess <eln.stamnaess@gmail.com>; kjellskodje@hotmail.com

Emne: Massedeponi ved Veibust grendahus

Til Olav Skodje! Vegsund slip AS har dumpet masse ved og delvis på velforeningen sin eiendom på Veibust.

Velforeningen er meget bekymret for skade på eignedom og om massen har miljøskadelig innhold. Dette er dumpet uten velforeningen sin tillatelse eller godkjenning. Vi er kjent med at Vegsund Slip AS har fått pålegg fra Fylkesmannen om håndtering av urein masse på eignedommen. Velforeningen tok kontakt på telefon med Sula kommune v/ Åge Risjord den 8. September -21. Fikk bekreftet at dette ikkje var omsøkt av Vegsund Slip AS. Velforeningen har fleire henvendelser til Vegsund Slip AS uten å komme til resultat . Har også sendt fleire mailer til Sula Kommune v/ Birgitte Valderhaug og Åge Risjord utan nokon avklaring på våre henvendelser. Politianmeldelse vart levert 10. September -21 på denne saken. Politiet hevdet dette skal Sula kommune ordne opp med dei involverte . Telefon til Fylkesmannen ved Anne Melbø som svarte at dette kan være et lovbrudd. Gav melding om at Sula Kommune skal være tilsynsmyndighet. Velforeningen har sendt mailer til Sula Kommune den 15., 23., og 27. September og 4. Oktober 2021 ved Birgitte Valderhaug med ønske om svar kva massen inneheld, likeså om tiltaksplaner og om gjeldende forskrifter er fulgt. Dessverre har vi ikkje fått svar på våre henvendelser om våre spørsmål . Den 24.september mottok vi et svar fra Birgitte Valderhaug at dei venter svar fra Vegsund Slip om dette var reine masser og ny frist for tilbakemelding er satt til 26.09.2021. Etter dette har velforeningen ikkje høyrte noko. Velforeningen er veldig skuffet over manglende svar og håndtering av denne saken av Sula Kommune. Håper dette kan være nokon for kontrollutvalget å sjå på.

Med vennlig helsing Veibustbygda velforening v/ Reidun Kvasnes - leder

Internt notat vedrørende ulovlig massedeponi på gnr 60 bnr 20



SULA KOMMUNE

Prosjektering, bygg og drift

Til eiere av gårds-/bruksnummer: 60/20

Vår ref.:

20211844

Saksbeh.:

Birgitte Valderhaug

Ark.:

GBNR 60/20

Dykkar ref.:

BBET7510

Dato:

09.09.2021

GNR/BNR 60/20 –

SULA KOMMUNE HAR FÅTT MELDING OM AT VEGSUND SLIP AS HAR DEPONERT MASSE PÅ 60/20 OG 60/20/1.


Eigar av 60/20/1 og deleigar av 60/20 er uroa for om massa er ureina.

På bakgrunn av dette og at verftsområdet på **gnr 60 bnr 7** er registrert som forureina grunn ber Sula kommune om at det vert gjort reie for kvar massen kjem frå og om den er prøvetatt. Vi ber om at tilbakemeldinga vert gitt skriftleg og så snart som mogleg, og seinast 10.09.2021.


Gjelder også gnr 59 bnr 7

Deponering av ureina masse er ikkje tillatt utanfor lovleg etablerte deponiområde. Deponering av reine masser som fører til endring av terrenghøgde med meir enn 1,5 m er eit søknadsliklig tiltak. Skal ein deponere masser på ein eigedom må ein ha grunneigar sin tillatelse.

Kommentar: Sula kommune referer til at verftsområdet på gnr 60 bnr 7 er registrert som forurensset grunn. Dette er hovedarealet til verftsområdet, som også innbefatter en østlig del: gnr 59 bnr 7:



Kommentar: Hele verftsområdet til Vegsund Slipp er registrert som forurenset grunn, som krever en tiltaksplan før et terrenginngrep, i henhold til Forurensningsforeskriften (område farget gult):



Kommentar: Det er i østlig del av eiendommen at det er foretatt terrenginngrep.

I sluttrapporten for en tidligere tiltaksplan (418145-RIGm-RAP-002 /2018), skriver Multiconsult:

«**Det presiseres at denne rapporten kun omhandler massehåndtering** i forbindelse med graving for ny oljeutskiller, rørtrasé og utskifting av overflatejord, **i vestre del av eiendommen.** For **alle framtidige terrenginngrep på eiendommen** må det foreligge egne tiltaksplaner i tråd med Forurensningsforskriftens kapittel 2».

Referer til vedtak fra 2007/3868/ANML/472:

«Fylkesmannen pålegger Vegsund Slipp AS med hjemmel i forurensningsloven § 51 å utarbeide en tiltaksplan for å redusere uakseptabel risiko for at forurensning på landområdet tilknyttet gnr. 60 bnr. 7, 44, 45 og **gnr. 59 bnr. 9** i Sula kommune medfører fare for helse, miljø og spredning.»

Kommentar: Det er entydig krav til tiltaksplan for hele eiendommen, dersom terrenginngrep skal foretas på verftsområdet til Vegsund Slipp. Her er det et klart brudd på Forurensningsforeskriften og vedtak fra Statsforvalter, da dette inngrepet burde vært omsøkt i form av tiltaksplan med tilhørende analyser av massen før den ble flyttet på.

Sindre Drønne skriver i siste utgave av Sulaposten at massen er hentet opp i fra «byttet mellom naboene i øst». Gravearbeidet som nå pågår på verftets område, er lokalisert på gnr 59 bnr 7 helt øst på eiendommen. Likefullt er området registrert som forurenset grunn i Miljødirektoratet sin database, og tiltaksplan burde vært laget og omsøkt før arbeidet startet.



SULA KOMMUNE
Kommunalteknikk

Vegsund Slip AS - Sindre Drønnen

Vår ref.:
21/21406

Saksbeh.:
BVA

Ark.:
GBNR-60/20

Dykkar ref.:

Dato:
23.09.2021

Gnr 60 bnr 20 - melding om muleg ureina masse

Vi viser til svar av 21.09.2021 der de svarer at massen vil bli fjerna innan 20. november 2021.

I brevet bad vi om å få opplyst følgande:

På bakgrunn av dette og at verftsområdet på gnr 60 bnr 7 er registrert som forureina grunn ber Sula kommune om at det vert gjort reie for kvar massen kjem frå og om den er prøvetatt. Vi ber om at tilbakemeldinga vert gitt skriftleg og så snart som mogleg, og seinast 10.09.2021.

Vi kan ikkje sjå å ha mottatt skriftleg svar på spørsmålet, og ber om at de bekrefter om dette er reine masser, og om dei i så fall er prøvetatt. Vi ønsker svar så snart som råd og seinast 27.09.2021.

Med helsing

Birgitte Valderhaug
Avdelingsingeniør

Kommentar: I det siste varslet fra Sula kommune til Vegsund Slipp, blir det fremdeles bare referert til gnr 60 bnr 7...

Emne: VS: Massedeponi ved Veibust grendahus
Til: Bjørn Tømmerdal <bjorn.tommerdal@sksiks.no>
Sendt: 01.11.2021 10:53:13
Fra: Skodje Olav <Olav.Skodje@sundolitt.com>
Hei

Videresender mail fra Reidun Kvasnes, på vegne av Kvasnes og Veibust Grendalag, der hun ber om at Sula Kontrollutval ser på om forvaltninga av lovverk og svarfrister er overholdt av Sula Kommune. Hun har bedt om at dette tas med til vårt neste møte. Se mailrekke under. Vi hadde bl.a. en sak i januar 2021 om «Innsyn og meroffentlighet presentasjon fra Gunnar Trones.

Jeg er nok inhabil i denne saken, da min far er medlem av grendalaget.





Med vennlig hilsen
for Brødr. Sunde as
Olav Skodje
Regionsjef Midt/Nord-Norge

Telefon: +47 70 17 70 00
Direkte: +47 70 17 71 02
Mobil: +47 913 88 838
olav.skodje@sundolitt.com

www.sundolitt.no

The information transmitted is intended only for the person or entity to which it is addressed and may contain confidential and/or privileged material. Any review, retransmission, dissemination or other use of, or taking of any action in reliance upon this information by persons or entities other than the intended recipient is prohibited. If you received this in error, please contact the System Manager post@sundolitt.com and delete the material from any computer.

Kvasnes velforening
Reidun Kvasnes

Dykkars ref.

Vår ref.
21/138

Dato
01.11.2021

Svar på henvending om massedeponi ved Veibust grendahus

Sunnmøre kontrollutvalssekretariat IKS har på vegne av Sula kontrollutval motteke henvendinga di. Alle henvendingar til kontrollutvalet vert journalførte som innkomen post med namn på avsender(-ar).

Henvendinga di vert lagt fram for kontrollutvalet til vurdering. Om kontrollutvalet vel å gå nærare inn på det som henvendinga gjeld, vil du kunne sjå i møteprotokollen som du finn på heimesida vår. www.kontrollutval.no

Ut over dette vil du ikkje få noko meir svar frå kontrollutvalet på henvendinga di.

Vi gjer deg merksam på at kontrollutvalet kun har plikt til å behandle dei saker som kommunestyret ber dei om, eller der det går fram av forskrift om revisjon i kommunar. Når det gjeld henvendingar frå andre enn kommunestyret eller revisjonen, må kontrollutvalet sjølv vurdere om dei vil prioritere å sjå nærare på det ei henvending tek opp.

På generelt grunnlag kan ein seie at det er utanfor kontrollutvalet sitt mandat og reglement å behandle henvendingar som gjeld klagesaker, saker som er til behandling i rettsapparatet, usemje i politiske vedtak eller varsel etter Arbeidsmiljøloven kap. 2a.

Med helsing
Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar SKS IKS

Kopi til
Olav Bjarne Skodje
Mottakar

Solstranda 3B

6035

FISKARSTRAND

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
MS 02/21	Sula kontrollutval	17.11.2021

Stadfesting av revisor sitt sjølvstende 2021- Sula kommune

Tilrådning til vedtak:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Til Kontrollutvalget i Sula Kommune

Bekreftelse av revisors uavhengighet

I samsvar med forskrift om revisjon § 15, jf. kommuneloven § 24-4, avgir undertegnede oppdragsansvarlig revisor med dette sin egenvurdering av vår uavhengighet til kontrollutvalget. Undertegnede er kjent med at kravet til uavhengighet og objektivitet også gjelder for revisors medarbeidere. I Møre og Romsdal Revisjon SA sine revisjonsplaner inngår en vurdering av uavhengigheten til hver enkelt revisor i virksomhetens revisjonsteam som et eget punkt i revisjonsplanen.

Oppdragsrevisors egenvurdering av kravene

Forskriftskrav	Egenvurdering
1. Krav til revisors uavhengighet, jf forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 16	§ 16. Undertegnede bekrefter at det ikke foreligger spesielle forhold som er egnet til å svekke tilliten til revisorens uavhengighet og objektivitet.
2. Revisors tilknytning til den reviderte virksomheten, jf forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 17	§ 17. Undertegnede bekrefter at revisor ikke har en slik tilknytning til den reviderte eller kontrollerte virksomheten eller virksomhetens ansatte eller tillitsmenn at den er egnet til å svekke revisorens uavhengighet og objektivitet. Heller ikke revisors nærstående har slik tilknytning.
3. Revisors stillinger, verv og tjenester, jf. forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 18	§ 18 a. Undertegnede bekrefter at revisor ikke har andre stillinger i kommunen eller fylkeskommunen
	§ 18 b. Undertegnede bekrefter at revisor ikke har andre stillinger i en virksomhet som kommunen eller fylkeskommunen deltar i, eller er eier av
	§ 18 c. Undertegnede bekrefter at revisor ikke er medlem av styrende organer i virksomhet som kommunen eller fylkeskommunen deltar i eller er eier av, utover at revisors virksomhet utfører revisjon og er organisert som et interkommunalt selskap, samvirkeforetak eller aksjeselskap

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

	§ 18 d. Undertegnede bekrefter at revisor ikke deltar i, eller har funksjoner i en annen virksomhet, som medfører at revisorens interesser kommer i konflikt med interessene til kommunen eller fylkeskommunen, eller på annen måte er egnet til å svekke tilliten til revisoren
	§ 18 e. Undertegnede bekrefter at revisor ikke utfører rådgivningstjenester eller andre tjenester for kommunen eller fylkeskommunen, som er egnet til å svekke revisorens uavhengighet og objektivitet
	§ 18 f. Undertegnede bekrefter at revisor ikke yter tjenester som hører inn under den reviderte virksomhetens egne ledelses- og kontrolloppgaver
	§ 18 g. Undertegnede bekrefter at revisor ikke opptrer som fullmektig for den reviderte virksomheten, unntatt ved bistand i skattesaker etter domstolsloven § 218.

Ålesund, 15. september 2021
Møre og Romsdal Revisjon SA



Kathrin Haram
oppdragsansvarlig regnskapsrevisor

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 22/21	Sula kontrollutval	17.11.2021

Sula kommune sitt samarbeid med Sunde-Leirvåg borettslag

Tilråding til vedtak:

1. Kontrollutvalet bed sekretariatet undersøkje kva for rutinar innan kommunedirektøren sin internkontroll som svikta når det gjeld opphøyet av tildelingsretten og /-plikta i høve til Sunde-Leirvåg borettslag.
2. Kostnadene ved utgreiingane vil bli å belaste kommunen i samsvar med selskapsavtalen.

Bakgrunn:

Saka gjeld drøfting av ramme for kontrollutvalet sin gjennomgang av sak knytt til Sula kommune sitt samarbeid med Sunde-Leirvåg Borettslag.

Kommunestyret sitt vedtak – utgangspunkt for definering av oppdraget:

I sak K-077/21 vedtok kommunestyret: «Sula kommunestyre ber Sula kontrollutval ta ein gjennomgang av saka»

Dei andre delane av vedtaket i sak K-077/21 går ut på at

- K-vedtak 029/21 blir oppheva
- kommunedirektøren skal avklare vilkåra for å få utbetalt attstående del av kompensasjonstilskot fra Husbanken.

Ovannemnde bestilling til kontrollutvalet frå kommunestyret er i liten grad spesifikk. Det er ikkje klargjort nærare kva for delar av den til dels omfattande saka som det er ønskje om fokus på. Kontrollutvalet bør difor i første omgang drøfte og vedta ei nærare presisering av kva for sider av det til dels omfattande saksforholdet som skal gjennomgåast i lys av kommunestyrevedtaket.

Kommunestyret si oppheving av eige vedtak - bakgrunn:

Den oppgåva som umiddelbart synest mest nærliggjande å innfortolke i kommunestyret sitt vedtak er ønskje om å få nærare undersøkt og rapportert følgjande:

- ei avklaring av årsakene til at kommunestyret kom i den situasjonen at ein såg seg nøydd til å oppheve sitt eige samrøystes vedtak som var gjort kort tid, dvs. mindre enn 5 månader, før det no måtte opphevast.

Generelt indikerar oppheving at det heftar feil ved sjølve vedtaket. Oppheving er normalt noko anna enn forvaltningsmessig omgjerding av eit vedtak, der det gjerne er nye skjønsmessige vurderingar som fører til nye konklusjonar. «Kva gjekk gale» kan difor vere eit rimelig spørsmål som kontrollutvalet kan sjå nærare på.

Vedtaket som blei gjort den 05.05.2021 i sak K-029/21, og som den 23.09.2021 ble oppheva, lyder:

1. Sula kommune kan fråfalle sin tildelingsrett- og plikt i Sunde-Leirvåg borettslag, mot at burettslaget dekker kommunen sitt tap av framtidig kompensasjonstilskot.
2. Innbetalinga skal skje som eit eingongsbeløp til kommunen sin konto, og er berekna til kr 678.001,- pr 2021.
3. Sunde-Leirvåg borettslag står etter innbetalinga fritt til å utarbeide nye vedtekter, og samarbeidsrutina mellom burettslaget og kommunen vil opphøyre frå same dato

Vurdering:

Kva for tilhøve som kan vere aktuelle å sjå nærare på.

Vedkomande pkt. 1 i det oppheva vedtaket

I brev av 14.11.2020 bad Sunde-Leirvåg borettslag Sula kommune om å fråfalle sin tildelingsrett- og /plikt når det gjeld andelar i laget. Denne henvendinga frå borettslaget vart send trass i at tildelingsretten- og /plikta var fastsett som et tidsavgrensa rettsforhold som ville vere utløpt av seg sjølv ein gong i løpet av 2020.

Kontrollutvalet bør kunne undersøkje kva for regelverk og rutinar som feila når kommunedirektøren likevel tok Sunde-Leirvåg borettslag si henvending under realitetsbehandling som ledd i førebuingar til politisk behandling. Slik saksførebuing vart gjennomført både til sak nr. F-027/21 i formannskapet den 27.04.2021, og i samband med kommunestyret si behandling av saka i sak K-029/21 den 05.05.2021.

Vidare vil ein i saka kunne røyse spørsmålet om kva for rutinar kommunen har for aktivt å følgje med i utviklinga av kommunen sine tidsavgrensa rettar og plikter i dei avtaleforholda som Sula kommune er part i, slik som i dette tilhøvet. I den sammenhengen kan det vere naturleg for kontrollutvalet å etterlyse kommunedirektøren sitt lovpålagde internkontrollsystem, jfr. kommunelova.

Det kan gjerne minnast om at internkontroll er ein del av kommunen sin eigenkontroll. Den eigenkontrollen som kontrollutvalet og revisjonen utfører vert styrd av kommunen sine folkevalde, medan internkontrollen vert leia av kommunedirektøren.

Det oppheva vedtaket, pkt. 2

Når det gjeld pkt. 2, som dreier seg om Husbanken sine årlege rentekompensasjonstilskott, gjeld det ein annan utløpsfrist enn for tildelingsretten, nemlig 30 år rekna frå då borettslaget vart stifta. Tilskottsretten er difor i utgangspunktet ikkje ute før om 10 år. Kommunestyret vedtok difor under sak K-077/21 at kommunedirektøren skal avklare om desse årlege tilskotta framleis kan mottakast av kommunen, sjølv om tildelingsretten og /-plikta ikkje lenger gjeld på grunn av at denne berre varde i 20 år.

Kontrollutvalet vil kunne vurdere om kommunen burde ha hatt rutinar for å føre ein løpande kontroll med denne type avtalar. Ein kunne då gjort vurderingar og kanskje oppnådd avklaringar medan tildelingsretten og /-plikta enno var verksam.

Denne del av vedtaket frå 05.05.2021 synest imidlertid å vere lite aktuell for kontrollutvalet å gå inn i, ikkje minst fordi spørsmålet om kompensasjonstilskottet er under administrativ behandling i kommunen.

Men som det går fram av opplysningane i saka synest kommunedirektøren feilaktig å ha lagt til grunn at både tildelingsretten og /-plikta begge ville vare i ein periode på 30 år. En slik feil vil gjerne lettare oppstå dersom det er svak eller fråverande internkontroll eller manglande rutinar på området.

Vedr. pkt. 3 i vedtaket

Dette gjeld spørsmål om opphøyr av samarbeidet mellom kommunen og borettslaget. Spørsmåla høyrer under kommunedirektøren å behandle og kontrollutvalet bør ikkje, i alle fall ikkje i forkant, gå nærare inn i denne problemstillinga.

Eventuelle tilgrensande forhold som kan liggje nær for kontrollutvalget å undersøkje

I løpet av dei seineste åra har borettslaget reist en rekkje kritiske spørsmål omkring kommunen sin handlemåte i avtaleforholdet. Samarbeidsklimaet synest ikkje umiddelbart å ha vore gunstig.

Kva for forhold som ligg til rette for ein nærmere gjennomgong og kva for spørsmål som i dette tilfelle synest å liggje utanfor kontrollutvalet sitt område bør difor drøftast, også opp mot kommunestyret si bestilling. Dette er spørsmål som kan sjåst i samanheng med både lagsvedtektene, inngåtte avtalar og skriven og uskriven praksis partane imellom, samt andre tilhøve.

Ein nærmere gjennomgong bør eventuelt kunne forankrast i:

- Kva for avtalemessige skyldnader har Sula kommune hatt når det gjeld forvaltning og drift av Sunde-Leirvik borettslag
- Kva for rutinar har vore etablerte for planmessig styring av kommunen sine interesser inn mot borettslaget, også med tanke på kommunen sin tildelingsrett og /-plikt, herunder mottak av statlege midlar som har vore vurdert som ein konsekvens av at borettslaget i si tid vart etablert

Nærare om kva for deler av saka kontrollutvalet kan vurdere å undersøkje

Som lekk i dei ulike forholda som er nemnde ovanfor bør kontrollutvalget kunne sjå på kva for rutiner kommunen har hatt i forbindelse med systematisk medverknad i dei ulike sidene av engasjementet sitt i borettslagsprosjektet, slik som f.eks.

- avklaring av rutinane for oppfølging av det styrearbeidet i borettslaget som kommunen har vore delaktig i
- korleis kommunen sin dialog med borettslaget sin forretningsfører og styret sin leiar har vore gjennomført og kva for dokumentasjon ligg føre med omsyn til dette
- kva for kommunale rutinar som er blitt følgde ved tildeling av brukarar til borettslaget sine bueiningar

- kva for retningslinjer har vore styrande når det gjeld kommunen si tildelingsplikt, jfr. kritikk i høve situasjonar med ledige husvære
- om kommunen har tilsikta gjenytingar til borettslaget for årleg å ha motteke statlege rentekompensasjonstilskott
- korleis har kommunedirektøren sin internkontroll vore innretta mot dette området, jfr. den lovfesta årlege rapporteringsplikta
- kva for rutinar innan kommunedirektøren sin internkontroll var det som svikta når det gjaldt opphøyet av tildelingsretten, jfr. vedtak i K-sak 029/21

Sekretariatet føreset at kontrollutvalet drøftar desse og andre relevante spørsmål i tilknytning til saksopplysningane som lekk i å fastleggje ei nærare ramme for slik gjennomgong av saka som utvalet finn hensiktsmessig og som samstundes oppfyller kommunestyret si bestilling om «ein gjennomgong av saka».

Kostnadene ved utgreiingane vil bli sett i høve til arbeidsomfanget. Når kontrollarbeid blir sett i verk som særskild sak fastslår gjeldande selskapsavtale for Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS at kommunen skal dekkje slike kostnader særskilt, jfr. § 17 c som lyder:

«Utgifter ved sekretariatsarbeid som er bestilt særskilt av ein kommune (kontrollutval) blir fakturert særskilt den aktuelle kommunen med 50 % ved oppstart av oppdraget og 50 % når oppdraget er avslutta».

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 23/21	Sula kontrollutval	17.11.2021

Revisjon- og kommunikasjonsplan 2021 Sula kontrollutval

Tilråding til vedtak:

Sula kontrollutval tek framlagte revisjon- og kommunikasjonsplan 2021 til vitande

Bakgrunn:

Kontrollutvalet fyller sitt ansvar for å sjå til at revisjonen blir utført på ein forsvarleg måte ved å gjennomføre aktivitetar knytte til oppfølging av revisjonen og revisjonsarbeidet. Dette kan omfatte:

- revisor si uavhengigerklæring
- kvalitetskontrollar hjå revisor
- avtalar mellom kontrollutval og revisor
- engasjementsbrev for revisjonsoppdraget
- strategi og plan for revisjonen, og risikovurderingar
- revisjonsrapportar (interim og etterlevelseskontroll)
- nummererte brev

Vurdering:

Det er eit krav at revisor skal utarbeide ein plan for korleis revisjonen skal gjennomførast. Revisjonsplanen byggjer på ein overordna revisjonsstrategi som skildrar føremål og omfang på revisjonen, når revisjonen skal utførast og kva angrepsvinkel den skal ha.

Revisjonsplanen og strategien skal byggje på ei risiko- og vesentlegvurdering. Det er mange forhold som inngår i denne vurderinga, mellom anna endringar i oppgåver, tenester og organisering i kommunen, og om eit område har blitt revidert tidlegare år.

Planen vil mellom anna omfatte dei rekneskapsområda og rekneskapspostane som vil inngå i den årlege revisjonen. Einskilde område vil som regel inngå i revisjonsplanen kvart år. Dette gjeld til dømes store inntekts- og utgiftspostar som skattar, rammetilskot, løn og innkjøp.

Vidare skildrar revisjonsplanen kva revisjonshandlingar revisor skal utføre innan dei einskilde områda, og tidspunkt for gjennomføring.

Revisor har gått gjennom utkast til kommunikasjons- og revisjonsplan 2021 i møte med sekretariatet. Sekretariatet vurderer at revisjonsplanen gir kontrollutvalet oversikt over kva revisjonen som vert utført, inneber. Dette gir då eit betre grunnlag for kontrollutvalet til å stille spørsmål, og for å vurdere om kontrollutvalet ser behov for å utføre ytterlegere kontrollhandlingar.

For rekneskapsåret 2020 valde revisjonen i samråd med kontrollutvalet å sjå nærare på budsjettjusteringar, økonomi og finansreglement, minimumsavdrag og IT sikkerheit.

For rekneskapsåret 2021 har revisjonen gjort ein risikovurdering innanfor rekneskapsrapportering, overføringsområdet, lønsområdet, innkjøp, drift, finans og salsområdet. (ref tabell på side 8 i revisjonen sin vedlagte presentasjon). Kontrollutvalet bør nytte høve til å diskutere dette nærare på møte 17. november 2021.

Vedlegg

Kommunikasjons- og revisjonsplan 2021 - Sula kommune

KOMMUNIKASJONS- OG REVISJONSPLAN 2021

SULA KOMMUNE

KONTROLLUTVALGET 17. NOVEMBER

Tids- og kommunikasjonsplan

2

	mar 21	apr 21	mai 21	jun 21	jul 21	aug 21	sep 21	okt 21	nov 21	dec 21	jan 22	feb 22	mar 22	apr 22
Planlegging														
Interimsrevisjon														
Årsoppgjørrevisjon														
Revisjon av årsregnskapet														
Kommunikasjon														
Møte med kontrollutvalget							8.		17.		?		?	

Tids- og kommunikasjonsplan forts.

3

- **Planlegging**

Foreløpig risikovurdering og identifisering av fokusområde
Gjennomgang av og legge opp tidsplan for revisjon og rapportering
Fastsette revisjonsplan for fokusområdene
Presentasjon av revisjonsplan for administrasjonen og kontrollutvalg

- **Etterlevelseskontroll med økonomiforvaltningen**

Risiko- og vesentlighetsvurdering legges fram for kontrollutvalget
17. november

- **Interimsrevisjon – fra oktober**

Foreløpig analyse av kommunens regnskap
Møte med kommunens økonomi og regnskapsavdeling for å kartlegge samt løse identifiserte problemstillinger
Revisjon av nøkkelprosesser inkludert møter og intervju av prosesseierne for identifiserte fokusområder
Test av relevante kontroller (herunder generelle IT-kontroller)
Gjennomføre øvrige relevante revisjonshandlinger (fokus på transaksjonsklasser)
Møte med administrasjonen og kontrollutvalg, oppsummering interimsrevisjon – møte på i januar/ februar.

- **Årsoppgjørrevisjon**

Ferdigstille eventuelle åpne spørsmål identifisert under interimsrevisjonen
Påse at det ikke foreligger endringer i kommunens intern kontroll, der hvor disse er relevante for revisjonen
Gjennomføre øvrige relevante revisjonshandlinger, herunder avstemming av vesentlige og risikoutsatte balanseposter
Avsluttende analyse av kommunens finansielle rapportering
Foreløpig rapportering til ledelsen og kontrollutvalg

- **Revisjon av årsregnskapet**

Gjennomgang av regnskap og noter
Gjennomgang av årsmelding
Rapportering til ledelsen og gjennomgang med sekretariat – mai/juni
Møte med kontrollutvalg i mars/ april-møte 2022

- **Kommunikasjon**

PBC-lister (årsoppgjør) / oversikt avtaler (interim)
MRR-dagen og/eller Webinar
Revisjonsberetning og revisjonsrapporter
Møter med kontrollutvalg
Løpende uformell kommunikasjon ved behov

MRR

28 av 33

Møre og Romsdal Revisjon SA

REVISJONSPLAN 2021

SULA KOMMUNE

Identifiserte risikoer 2020


- ▶ Refusjonskrav sykepenger 2017-2020
- ▶ Finansreglement
- ▶ Økonomi (lite handlingsrom gir økt risiko for feil)
- ▶ IT sikkerhet
- ▶ Budsjettavvik
- ▶ Skille mellom drift og investering (generell risiko)
- ▶ Kontrollmiljø momskompensasjon (generell risiko)

Vesentlighet

6

- ▶ Vesentlighetsbegrepet
 - ▶ Det nivået av feilinformasjon som vi tror vil påvirke beslutningene til politikerene
- ▶ Arbeidsvesentlighet
 - ▶ Lavere vesentlighetsgrense på områdene for at samlet feil ikke blir over vesentlighetsgrensen.
- ▶ Grense for rapportering
 - ▶ Mindre feil rapporterer vi ikke. Vi setter en beløpsgrense for feil vi rapporterer.
 - ▶ Misligheter rapporteres alltid.

EN FEIL ER IKKE EN FEIL!



Revisjon

- ▶ Kontrolltesting
 - ▶ Forutsetter en velfungerende internkontroll
 - ▶ Kan redusere risiko for større feil
 - ▶ Mindre arbeid for revisor, lavere revisjonshonorar

Foreløpig anslått risiko (før kontrolltesting) - styret art/omfang

Prosesser	Foreløpig anslått risiko for vesentlig feil informasjon
Rekneskapsrapportering	 Middels
Overføringsområdet	 Lav
Lønsområdet	 Lav
Innkjøpsområdet	 Middels
Driftsmiddelområdet	 Middels
Finansområdet	 Middels
Salsområdet	 Lav

Revisjonstilnærming - Regnskapsrapportering

Regnskapsrapportering

Angrepsvinkel: Test av kontroll og substanshandlinger

Risiko knyttet til:

- Økonomisk handlingsrom
- Tertialrapportering og offisielt regnskap
- Årsoppgjørdisponeringer/avslutning og strykninger
- Bruk av fond
- Budsjettjustering og budsjettavvik
- Generelle IT-kontroller

Middels anslått risiko (før kontrolltesting):

Alltid risiko for feil i forbindelse med regnskapsavleggelsen, flere manuelle posteringer og lite rutinemessig arbeid. Utskiftning av nøkkelpersonell.

Test av kontroller (interim): (kommunens interne kontroll)

- Test av ledelseskontroller: Tertialrapportering
- Test av generelle IT-kontroller

Substanshandlinger: (kontroll av fakta mot dokumentasjon)

- Kontroll av årsoppgjørdisponeringer
- Regnskapsoversikter henger sammen
- Nødvendige noteopplysninger er utarbeidet
- Avstemming av kretsløp er foretatt (Egenkapital, arbeidskapital og anleggsmidler/langsiktig gjeld)
- Budsjettkontroll
- Kontroll av årsmeldingen
- Avsluttende analytiske kontroll

Revisjonstilnærming - Overføringer

Overføringsområdet

Angrepsvinkel: Substanshandlinger (analyser og detaljtester)

Risiko knyttet til:

Overføringsinntekter:

- Rammetilskudd (drift)
- Inntekts- og formuesskatt (drift)
- Eiendomsskatt (drift)
- Andre skatteinntekter (drift)
- Andre overføringer og tilskudd fra staten (drift)
- Tilskudd fra andre (inv)

Overføringsutgifter:

- Overføring og tilskudd til andre (drift)
- Tilskudd til andres investeringer (inv)

Lav anslått risiko (før kontrolltesting):

Overføringsinntekter består hovedsakelig av overføringer fra staten som kan totalavstemmes mot ekstern dokumentasjon. Eiendomsskatt kontrolleres analytisk mot årets forventning, tidligere års regnskap og årets budsjett. Andre overføringer kontrolleres mot dokumentasjon fra tilskuddsyter og/eller mot budsjett.

Overføringsutgifter kontrolleres i stor grad mot vedtak og/eller budsjett, samt analytisk kontroll med sammenligning mot budsjett og tidligere år.

Substanshandlinger:

- **Totalavstemming** av rammetilskudd og inntekts- og formuesskatt
- Analytisk kontroll av eiendomsskatt
- **Detaljtesting** av andre overføringsinntekter
- Analyser/detaljtester av overføringsutgifter

Revisjonstilnærming - Lønnskostnader

Lønnsområdet

Angrepsvinkel: Test av kontroll og substanshandlinger

Risiko knyttet til:

- Lønnskostnader
- Sosiale kostnader
- Pensjon

Lav/middels anslått risiko (før kontrolltesting):

Rutinemessige månedlige beløp for fast lønn. Noe mer komplekst (forsystemer, manuelle grunnlag etc.) for variabel lønn. Høyt volum/størrelse.

Test av kontroller (interim):

- Attestasjon og anvisning timer fra registreringssystem og manuelle timelister
- Attestasjon og anvisning av reiseregninger i Expense – og manuelle reiseregninger/utgiftsrefusjoner
- Etterkontrollerte lønningslister

Substanshandlinger:

- Analytiske kontroller
- Gjennomgang av **kontrolloppstilling** og øvrige innberetninger og avstemminger på lønnsområdet – herunder feriepenger, skattetrekk, arbeidsgiveravgift og sykepengerefusjoner
- Gjennomgang av **pensjonskostnad** med tilhørende balanseposter
- Krav på sykelønnsrefusjon - avstemming mellom HRM og regnskapssystem inkl vurdering av realisme av krav

Revisjonstilnærming - Innkjøp

Innkjøps / kostnadsområde

Angrepsvinkel: Test av kontroll og substanshandlinger

Risiko knyttet til:

- Kjøp av varer og tjenester (drift)
- Momskompensasjon
- Leverandørgjeld (bal)
- Annen kortsiktig gjeld (bal)

Middels anslått risiko (før kontrolltesting):

Stor grad av rutinemessige løpende transaksjoner. Tvungen attestasjons- og anvisningsrutine for inngående faktura, men fakturaene behandles på mange ulike enheter med varierende forståelse av kontrollrutinen.

Test av kontroller (interim):

- Kontroll av attestasjon og anvisning

Substanshandlinger:

- Analytisk kontroll
- Løpende kontroll av bilag i forbindelse med attestasjon på mva-kompensasjonsoppgavene.

Balanseposter:

- Avstemme leverandørgjeld mot reskontro, betalingskontroll av vesentlige gjeldsposter
- Kontrollere dokumentasjon for avsetning av annen kortsiktig gjeld

Revisjonstilnærming - Investeringer

Driftsmidler / investeringer

Angrepsvinkel: Test av kontroll og substanshandlinger

Risiko knyttet til:

- Investeringer i varige driftsmidler (inv) –
- Salg av varige driftsmidler (inv)
- Avskrivninger/motpost avskrivninger (drift)
- Bruk av lån/lovlig finansiering (inv)
- Skille mellom drift og investering

Middels anslått risiko (før kontrolltesting):

Stor grad av **rutinemessige** løpende transaksjoner. Tvungen attestasjons- og anvisningsrutine for inngående faktura. Komplisert regelverk og **skjønnsmessige** vurderinger knyttet til skille mellom drift og investering øker risiko for vesentlige feil.

Test av kontroller (interim):

- Kontroll av attestasjon og anvisning

Substanshandlinger:

- Oppfølging av de største investeringsprosjektene
- Avstemme anleggskartotek mot hovedbok
- Vurdering av **levetid/ avskrivningstid** inkl dekomponering
- Vurdere vesentlige tilganger opp mot KRS 4 (skille drift/investering - interim). Løpende bilagskontroll i forbindelse med attestasjon på kompensasjonsoppgavene (samt attestasjon prosjektrekskap)

Revisjonstilnærming - Finansområdet (res)

Finansområdet (res)

Angrepsvinkel: Test av kontroll og substanshandlinger

Risiko transaksjonsklasser:

- Renteinntekter og renteutgifter (drift)
- Avdrag på lån (drift)
- Utbytter (drift)
- Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler (drift)
- Investering i aksjer og andeler (inv)
- Salg av finansielle anleggsmidler (inv)
- Utlån av egne midler (inv)
- Avdrag på lån (inv)
- Utdeling fra selskaper (inv)

Middels anslått risiko (før kontrolltesting):

Finansområdet er sammensatt av mange transaksjonsklasser med ulike risikovurdering.

Test av kontroller (interim):

- Bankavstemming
- Dobbel godkjenning av betalingstransaksjoner
- Behandling av eierskapsmelding

Substanshandlinger:

- Påse at balanse- og resultatposter stemmer med eksterne bekreftelser (bank, rente, aksjer, utbytte etc.) Vurdere verdsettelse, klassifisering og avkastning.
- Kontrollere vesentlige tilganger/avganger av aksjer

Revisjonstilnærming - Finansområdet (bal)

Finansområdet (bal)

Angrepsvinkel: Test av kontroll og substanshandlinger

Risiko balanseposter:

- Bankinnskudd og kontanter
- Aksjer og andeler
- Andre finansielle plasseringer
- Fond
- Kapitalkonto
- Gjeld til kredittinstitusjoner
- Annen gjeld (obligasjons- og sertifikatlån)
- Utlån
- Ubrukte lånemidler

Substanshandlinger (forts):

- Påse at gjeld og utlån er i henhold til **eksterne bekreftelser**
- Etterberegning av **minimumsavdrag**
- Påse at **kretsløpavstemmingene** henger sammen (herunder kapitalkonto)
- Kontrollere vesentlige bevegelser på fondskonti

Revisjonstilnærming - Salg

Salgsområdet

Angrepsvinkel: Substanshandlinger (analyser og detaljtester)

Risiko knyttet til:

- Salgs- og leieinntekter (drift)
- Kundefordringer (bal)
- Andre kortsiktige fordringer (bal)
- Ordinær merverdiavgift
- Selvkost

Lav anslått risiko:

Stor grad av rutinemessige løpende transaksjoner.
Presumpsjon tilknyttet mislighetsrisiko tilbakevises

Substanshandlinger:

- Analytisk kontroll og/eller detaljtester

Balanseposter:

- Aldersfordelt reskontro kundefordringer/andre kortsiktige fordringer (vurdere tapsavsetning, innbetalingskontroll, eksterne bekreftelser)
- Totalavstemming av ordinær merverdiavgift



“

Vi skal bidra til økt tillit mellom
innbyggerne og våre
eierkommuner

”

- Møre og Romsdal Revisjon SA

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 24/21	Sula kontrollutval	17.11.2021

Forenkla etterlevelseskontroll 2021 Sula kontrollutval

Tilråding til vedtak:

Sula kontrollutval tek framlagte plan for etterlevelseskontroll 2021 til vitande.

Bakgrunn:

Formålet med forenkla etterlevelseskontroll etter kommunelova, er innanfor ei avgrensa ressursramme å førebygga svakheiter og bidra til å sikra at kommunen følgjer sentrale avgjerder og vedtak på økonomiområdet. Dette bygger opp under god økonomiforvaltning, openheit og tillit til forvaltningspraksis. Revisor skal innhenta tilstrekkeleg informasjon til å vurdere om det gjeld brot på lover, forskrift eller vedtak, der brotet er av vesentleg tyding for økonomiforvaltninga. Revisor identifiserer område i økonomiforvaltninga der det er størst behov for at avgjerder og vedtak blir følgt opp og der brot på avgjerder/vedtak får størst konsekvensar.

Revisor skal seinast 30. juni 2022 gi ei skriftleg utsegn til kontrollutvalet, med kopi til kommunedirektøren om resultatet av kontrollen.

Vurdering:

Oppdragsansvarleg revisor Kathrin Haram vil i møte 17. november 2021 gi kontrollutvalet ei orientering og presentere planar for etterlevelseskontrollen. Ho har vald ut sjølvkost som risikoområde for kontrollen (sjå hennar lysark 6 i vedlagte presentasjon). Kontrollutvalet bør benytte høvet på møte 17. november å bed om ei grunngjeving for dette valet.

Vedlegg

Presentasjon forenkla etterlevingskontroll 2021 - Sula kommune

Forenklet etterlevelseskontroll 2021


Kontrollutvalget Sula kommune

17. NOVEMBER 2021

Forenklet etterlevelseskontroll

2

- ▶ Hjemmel i KommuneLOven
- ▶ Standard RSK 301 Forenklet etterlevelseskontroll med økonomiforvaltningen.
- ▶ Risiko- og vesentlighet
- ▶ Rapport om resultatet av kontrollen, innen 30. juni



Risiko- og vesentlighetsvurdering

3

Utførte kontroller tidligere år:

- ▶ 2019 – Tilskudd til private barnehager
- ▶ 2020 - Oppholdsbetaling sykehjem


Risiko- og vesentlighetsvurdering

Forhold som påvirker valg av område for kontroll:

- ▶ Risiko for brudd på lov, forskrift eller vedtak
- ▶ Vesentlighet
- ▶ Ressurssvake grupper rammes
- ▶ Enkeltvis mindre brudd som gjelder mange
- ▶ Områder som ikke naturlig faller inn i den ordinære revisjonen

Risiko- og vesentlighetsvurdering forts.

5



Valg av risikoområde – Selvkost

6

- ▶ **Hvorfor?**

- ▶ **Risiko**

- ▶ for at kommunens innbyggere blir belastet feil

- ▶ **Kvalitativ vesentlighet**

- ▶ beløpsmessig betydning for kommunen
 - ▶ Enkeltvis mindre brudd som gjelder for mange
 - ▶ potensielt omdømmetap

Revisjonskriterier

7

Utvalgte kriterium for kontroll:

1. Kommunen har dokumentasjon på hvordan utregning av samlet selvkost er utført
2. Selvkostfond/ fremførbare underskudd blir håndtert i tråd med regelverket.

Kilde for kriterium:

1. Sjølvkostforskriften (gjeldande frå 01.01.2020 – erstattar tidligare retningslinjer for sjølvkostberekning)

Oppsummering

Basert på risiko- og vesentlighetsvurdering, velges **selvkost**.

En skriftlig uttalelse til kontrollutvalget om resultat av kontrollen, med kopi til kommunedirektøren, vil bli oversendt kontrollutvalget i løpet av høsten/våren og i god tid innen fristen (30. juni 2022).

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 25/21	Sula kontrollutval	17.11.2021

Møteplan 2022 Sula kontrollutval

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet i Sula kommune vedtar følgende møter for kalenderåret 2022:

tysdag 25. januar, onsdag 30. mars , onsdag 18. mai, tysdag 20. september, tysdag 29. november

Bakgrunn:

Det er viktig å sørge for at kontrollutvalet har tilstrekkeleg med møte, slik at utvalet kan utføre og følge opp dei oppgåver som er naudsynte for å sikre forsvarleg kontroll og tilsyn.

Ein bør unngå at det går så lang tid frå eit møte til det neste at sakene som kjem opp mistar sin aktualitet.

Vurdering:

Sjølv om mindre kommunar handsamar færre saker enn større kommunar, er det likevel faste oppgåver gjennom året og valperioden som gjer det naturleg at kontrollutvalet har eit minimum av møte.

Det kan også være aktuelt med møte i tillegg til møteplanen om situasjonen krev det.

Det å ha ein møteplan sikrar forutsigbarhet og gjer at innbyggjarar og politikarar lettare kan følge arbeidet til kontrollutvalet. Møteplanen vert kunngjort på kontrollutvalet si heimeside og med lenkje på kommunen si heimeside.